

## Bacheloroppgåve

# Kommunikasjon i samarbeidet med minoritetsspråklege foreldre

Elisabeth Kirsten Haddal Myrene

Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning  
BLUBA-A  
2017

# Forord

Denne bacheloroppgåva er siste del av arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning ved Høgskulen i Volda. På bakgrunn av det aukande kulturelle mangfaldet i dei norske barnehagane har eg valt å skrive om kommunikasjonen med minoritetsspråklege foreldre. Eg har sjølv jobba med foreldre som har eit anna språk enn norsk, og har sett kor viktig det er at personalet og desse foreldra har god forståing i kommunikasjonen seg imellom.

Gjennom arbeidet med denne oppgåva har eg fått ei enno djupare forståing for kor viktig det er å legge til rette for god kommunikasjon med framandspråklege foreldre. Denne forståinga har kome gjennom intervju der informantane delte sine erfaringar, og gjennom mykje lesing av teori.

Eg vil takke informantane som stilte opp til intervju. Dei var positive og ga meg av si dyrebare tid. Vidare vil eg takke rettleiar som har kome med konstruktive tilbakemeldingar, og på den måten hjelpt meg i mål. Eg vil takke May-Gunn, Gunn-Marte og Kirsten for gjennomlesing og korrektur på oppgåvane eg har levert gjennom studiet. Til slutt vil eg takke Vidar og dei tre gutane mine. Dei har støtta meg og vore uvurderlege gjennom fire år.

# Innhaldsliste

<b>Forord.....</b>	<b>1</b>
<b>Samandrag .....</b>	<b>4</b>
<b>1. Innleiing.....</b>	<b>5</b>
1.1 Bakgrunn for val av tema .....	6
1.2 Formål og problemstilling .....	6
1.3 Avgrensing.....	7
1.4 Definisjon av nøkkelomgrep .....	7
1.4.1 Minoritetsspråkleg .....	7
1.4.2 Samarbeid .....	7
1.4.3 Dialog.....	7
1.4.4 Kommunikasjon.....	7
<b>2. Kunnskapsgrunnlag .....</b>	<b>8</b>
2.1 Politiske styringsdokument.....	8
2.1.1 Barnehagelov og rammeplan .....	8
2.1.2 Stortingsmeldingar .....	8
2.1.3 Temahefte om språkleg og kulturelt mangfald .....	9
2.2 Aktuell forsking og teori.....	9
2.2.1 Minoritet .....	9
2.2.2 Foreldresamarbeid.....	9
2.2.3 Dialog og kommunikasjon .....	11
2.2.4 Anerkjenning.....	14
2.2.5 Ekstra støtte i dialogen.....	16
<b>3. Metode.....</b>	<b>18</b>
3.1 Kvalitativ metode .....	18
3.2 Semistrukturert intervju .....	18
3.3 Val av informantar .....	20
3.4 Kvalitet i oppgåva.....	20
3.5 Forskingsetiske vurderinger .....	22
3.6 Analyse av data.....	22
<b>4. Presentasjon av data .....</b>	<b>24</b>
4.1 Data om ‘samarbeid og kommunikasjon’ .....	24
4.2 Data om ‘tiltak’ .....	26

4.3 Data om ‘eventuelt’ .....	27
<b>5. Drøfting .....</b>	<b>28</b>
5.1 Drøfting av ‘samarbeid og kommunikasjon’ .....	28
5.2 Drøfting av ‘tiltak’ .....	32
5.3 Drøfting av ‘eventuelt’ .....	33
<b>6. Konklusjon .....</b>	<b>34</b>
<b>Kjeldeliste .....</b>	<b>36</b>
Vedlegg 1 .....	38
Vedlegg 2 .....	39

## Samandrag

Bakgrunnen for denne oppgåva er auka forståing for kor viktig det er at personale og minoritetsspråklege foreldre forstår kvarandre. Det kan lett oppstå mistydingar når partane i ein dialog ikkje nyttar felles språk.

Rammeplan for barnehagen forpliktar personalet å legge til rette for ein god dialog med foreldra (KD. 2017, s .29). Foreldre som ikkje forstår språket som vert nytta, må difor få støtte i dialogen.

På bakgrunn av dette er problemstillinga for oppgåva:

***Korleis legg barnehagelærar til rette for god kommunikasjon med minoritetsspråklege foreldre i bringe- og hentesituasjonar?***

Kvalitativ metode er nytta for å samle inn data, og det er gjennomført semistrukturert intervju med tre barnehagelærarar med leiaransvar. Alle tre har samarbeid med minoritetsspråklege foreldre.

Funn viser at språkproblem er største utfordringa i samarbeidet med dei foreldra som har gjort landebyte. Kommunikasjon med dei som ikkje nyttar same språk tek meir tid, enn kommunikasjon der ein nyttar felles språk. Ved behov nyttar informantane kommunikativ støtte i dialog med framandspråklege.

For å få eit best mogleg samarbeid med denne foreldregruppa, er det viktig at personalet ser etter ressursar hos foreldra, i staden for å leite etter vanskar. Dette er ei ressursorientert tilnærming som i stor grad handlar om respekt, tillit og tid.

# 1. Innleiing

Det nye mangfaldet i kulturar, religion og livssyn er ein realitet og barnehagane må tilpasse seg dette (Grythe & Midtsundstad, 2002, s. 15). Glaser (2013) seier det generelt sett er større forståing og respekt for det kulturelle mangfaldet og ulikskapane. Samfunnet har endra seg frå å møte det kulturelle mangfaldet på ein monokulturell måte, til ein fleirkulturell måte (Glaser, 2013, s. 134).

Formålsparagrafen i barnehagelova pålegg barnehagen å samarbeide med foreldra.

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier (...) som respekt for menneskeverdet (...)» (Barnehagelova, 2005, §1). Foreldre er viktige samarbeidspartnarar for barnehagen. I samband med levering og henting av barna, er den daglege uformelle kontakta den vi har mest av. Det er viktig at foreldra kjenner seg respektert, og er trygge på at deira tankar vert tekne på alvor. Gjervan (2006) skriv i *Temaheftet om språklig og kulturelt mangfold* at dette uformelle samarbeidet er av stor betydning. Ho viser til at gjennom kvardagssamtalane kan foreldra og personalet verte trygge på kvarandre (Gjervan, 2006, s. 46).

Dei siste åra har eg vore tilsett i ein barnehage med fleire minoritetsspråklege familiar. Eg har opplevd at minoritetsspråklege foreldre har gitt uttrykk for at dei har forstått det som har vorte sagt, utan at det har vore tilfelle. Eg tenkjer ofte på kor viktig det er med god forståing i kommunikasjonen mellom foreldre og personalet.

*Den flerkulturelle barnehagen i rurale områder* (Gitz-Johansen, Andersen, Engen, Kristoffersen, Skoug Obel, Sand, & Zachrisen, 2011), er ein nasjonal surveyundersøking som er gjennomført av Høgskolen i Hedmark. Resultatet av undersøkinga viser mellom anna at munnleg dagleg kontakt, er den forma personalet nyttar mest for å innhente tilbakemeldingar og synspunkt frå minoritetsspråklege foreldre. Vidare finn dei at foreldra sine manglande norskunnskapar ser ut til å være den utfordringa som flest pedagogiske leiarar opplever som størst i samarbeid med desse foreldra (Gitz-Johansen et al., 2011, s. 94-97).

I barnehagelova står det at barnehagen skal ivareta barns behov for omsorg «i samarbeid og forståelse med hjemmet (...)» (Barnehagelova, 2005, §1. Formål). Ser vi til surveyundersøkinga, viser den at 75,5 prosent av dei pedagogiske leiarane som har vore med i undersøkinga, er svært enige eller enige i at det er viktig at dei minoritetsspråklege foreldra

tilpassar seg raskast råd barnehagen sine reglar og rutinar (Gitz-Johansen et al., 2011, s. 99). Utifrå dette les eg at dei fleste pedagogiske leiararar meiner at dei minoritetsspråklege foreldra skal tilpasse seg majoriteten.

## 1.1 Bakgrunn for val av tema

Samarbeid med minoritetsspråklege foreldre, er tema til mi bacheloroppgåve. I følgje Statistisk Sentralbyrå har talet på minoritetsspråklege barn i norske barnehagar auka frå 25 100 barn i 2009, til 46 000 barn i 2016. På bakgrunn av dette er det mange minoritetsspråklege foreldre vi skal samarbeide med i barnehagekvardagen. Eg tenkjer difor dette er eit viktig tema for barnehagelærarar å ha god kunnskap om. I utdanninga har det vore stort fokus på det fleirkulturelle perspektivet, også med fokus på foreldresamarbeid med dei minoritetsspråklege foreldra. Undervisninga har ført til auka forståing av kor viktig dette samarbeidet er.

Personalet si oppfatning av korleis samarbeidet med foreldra bør vere, er avgjerande for korleis det vert (Bø, 2002, s. 127). Det er difor viktig at personalet tenkjer over korleis dei opptrer i samhandling med foreldra. I samhandlinga må begge partar verte den beste utgåva av seg sjølv.

Eg har opplevd at personale ikkje gir minoritetsspråklege familiar like mykje merksemd, som etnisk norske. Dette kan kome av motvilje til minoritetane, det kan også kome av mangel på kunnskap. Aukar eg min kunnskap om temaet, kan eg formidle den vidare til kollegaer, og kanskje oppnå eit betre samarbeid for fleire.

## 1.2 Formål og problemstilling

Mitt ynskje er å vere ein pedagogisk leiar som framstår som eit godt førebilete for personalgruppa mi. Formålet med denne oppgåva er å tilegne meg kunnskap eg kan nytte inn mot personalet. Kunnskapen eg tileignar meg, ynskjer eg å nytte for å styrke kommunikasjonen med dei minoritetsspråklege foreldra. Problemstillinga mi vert difor:

***Korleis legg barnehagelærar til rette for god kommunikasjon med minoritetsspråklege foreldre i bringe- og hentesituasjonar?***

## **1.3 Avgrensing**

Den nasjonale surveyundersøkinga til Gitz-Johansen et al. viser at det er den daglege kontakta som oftest vert nytta for å gi informasjon til foreldra (Gitz-Johansen et al., 2011, s. 94). Eg avgrensar difor oppgåva til å gjelde den daglege, uformelle dialogen med minoritetsspråklege foreldre, i bringe- og hentesituasjonane.

## **1.4 Definisjon av nøkkelomgrep**

### **1.4.1 Minoritetsspråkleg**

Dei som har eit anna morsmål enn norsk, samisk, svensk, dansk eller engelsk (Statistisk Sentralbyrå, 2015).

### **1.4.2 Samarbeid**

Regelmessig kontakt mellom foreldre og personale. Det vert utveksla informasjon om barnet, der handlingar og meningar vert grunna (Glaser, 2013, s. 102).

### **1.4.3 Dialog**

Sampel der deltarane snakkar og lyttar vekselvis, og har merksemda retta mot same tema (Høigård, 2013, s. 23). I Spernes & Hatlem (2013) sin definisjon kjem det fram at barnehagelærar går inn i dialog med tanken om at alle partar skal delta, og at alle har noko å bidra med. Treng ein part hjelp for å få fram sitt bidrag, skal barnehagelærar hjelpe til med dette. Det er like viktig å lytte, som å snakke sjølv (Spernes & Hatlem, 2013, s. 188).

### **1.4.4 Kommunikasjon**

Sendar formidlar eit bodskap til mottakar, anten skriftleg eller munnleg (Sand, 2008, s. 97). Nonverbal kommunikasjon: Kommunikasjon utan ord, som til dømes kroppsspråk og mimikk (Dahl, 2013, s. 176).

## **2. Kunnskapsgrunnlag**

Her gjer eg greie for kunnskapsgrunnlaget eg har nytta i denne oppgåva. Eg deler kapittelet inn i politiske styringsdokument og aktuell forsking og teori.

### **2.1 Politiske styringsdokument**

#### **2.1.1 Barnehagelov og rammeplan**

Både barnehagelova og Rammeplan for barnehagen tek for seg temaet respekt fleire stadar. Vi er lovpålagde korleis vi skal opptre overfor kvarandre, dette gjeld alle vi møter i løpet av barnehagedagen. Personalet i barnehagen er gjennom barnehagelova forplikta til å ha eit samarbeid med heimen som bygger på respekt for menneskeverdet (Barnehagelova, 2005, §1).

Også i følgje Rammeplan for barnehagen skal barnehagen fremje respekt for menneskeverdet. Dette skal gjennomførast mellom anna ved å synleggjere og verdsette mangfaldet. Vi skal syne respekt for ulikskapane, ha positive haldningar og leve saman i fellesskap (KD, 2017, s. 9). Barnehagen skal legge til rette for eit godt foreldresamarbeid og god dialog med foreldra (KD, 2017, s. 29).

#### **2.1.2 Stortingsmeldingar**

Politiske meldingar frå Stortinget som er aktuelle for mitt tema, er Meld. St. nr. 6 (2012–2013), og Meld. St. nr. 24 (2012–2013).

Meld. St. nr 6 (2012-2013) skriv mellom anna «Å aktivt bekjempe fordommer, stereotypier, samt skjeve og unyanserte virkelighetsbeskrivelser er grunnleggende i arbeidet for å skape et trygt fellesskap med rom for mangfold» (KD, 2013a, s. 110).

Meld. St. nr. 24 (2012-2013) poengterer at barnehagen har eit spesielt ansvar for at dei med minoritetsspråkleg bakgrunn forstår det som vert formidla, og at dei klarer å gjere seg forstått. Å «møte foreldre frå ulike kulturer (...) krever respekt, lydhørhet og innsikt (KD, 2013b, s. 89).

### **2.1.3 Temahefte om språkleg og kulturelt mangfald**

Temaheftet om språkleg og kulturelt mangfald tek for seg ulike sider ved mangfald. Når det gjeld foreldresamarbeid må foreldra oppleve respekt for oppfatningane sine, og samtalane mellom personalet og foreldra bør bidra til å skape forståing for at ulike syn må få leve side om side. Det er viktig at personalet reflekterer over maktperspektivet i relasjonane med foreldra. Opplever foreldra ein stor avstand, kan det føre til at det vert vanskeleg å ta opp bekymringar med barnehagen. Personalet må sikre at foreldra får moglegheit til å snakke om det dei opplever som viktig. Personalet har også ansvar for å formidle informasjon på ein måte som er forståeleg for foreldra (Gjervan, 2006, s. 41- 44).

## **2.2 Aktuell forsking og teori**

### **2.2.1 Minoritet**

Sand (2008) beskriv minoritet som ei gruppe som er i mindretal enn i høve majoriteten. Den kvalitative definisjonen på minoritet legg vekt på makt og innflytelse i samfunnet, medan den kvantitative definisjonen tek for seg antal (Sand, 2008, s. 186). For å kunne snakke om ein minoritet, må vi ha ein majoritet. Dette støttar Sernes & Hatlem då dei seier at omgrepene er avhengige av kvarandre (Sernes & Hatlem, 2013, s. 25). Glaser (2013) fokuserer på at foreldre med minoritetsbakgrunn ikkje er ei einsarta gruppe. Dei er individuelt ulike, akkurat slik foreldra blant majoriteten er (Glaser, 2013, s. 106).

### **2.2.2 Foreldresamarbeid**

Samarbeid vert av Birthe Ravn (1995) i Glaser definert som «et forhold mellom mennesker som i respekt for hverandres forskjellige kunnskaper, ferdigheter, egenskaper og holdninger arbeider mot samme mål på grunnlag av en felles sum ressurser» (Glaser, 2013, s. 62).

Tholin (2008) seier blant anna at foreldra i barnehagen er ei av dei minst homogene gruppene som kan tenkast. Det einaste dei har til felles er at dei har barn i same barnehage.

Barnehagelærarar skal samarbeide med alle desse foreldra, og uansett bakgrunn skal samarbeidet skje på ein anerkjennande og inkluderande måte (Tholin, 2008, s. 103).

Becher (2006) tek for seg det uformelle samarbeidet som oppstår når barna kvar dag vert levert og henta i barnehagen. Dette samarbeidet kan gi barn og foreldre noko å snakke om på veg heim. Småprat skaper tillit mellom foreldre og personalet, og foreldra kan få opplevinga


av at personalet har god kontakt med barnet. Er det språkproblem mellom personalet og foreldra, kan personalet oppmuntre barnet til å fortelje foreldra kva dei har gjort på i barnehagen den dagen (Becher, 2006, s. 67-68). Som Sand (2008) skriv, må vi passe oss for å sjå på minoritetsspråklege foreldre som passive fordi dei ikkje kan språket. Barnehagen er ein viktig sosialiseringarena, og det er difor viktig at vi har god kvalitet på relasjonen til desse foreldra (Sand, 2008, s. 63-64). Det er ikkje alle foreldre som veit at barnehagen er forplikta til å ha eit samarbeid med dei. Det er heller ikkje alle som veit kva det er å vere barnehageforeldre, eller kva som vert forventa av dei (Sand, 2008, s. 65). Ei ulempe er at vi kan sjå på minoritetsspråklege foreldre som «dei andre» (Sand, 2008, s. 79-81). Agaacanaoglu (2006), skriv blant anna at danske lærarar seier at innvandrarforeldre er ansvarslause, dei forstår ikkje viktigheita av samarbeidet mellom heim og skule og dei motarbeidar systemet (sitert i Sand, 2008, s. 81).

Skal vi oppnå det gode foreldresamarbeidet, er det viktig å ha ei ressursorientert tilnærming til foreldresamarbeid. Det inneber at personalet leitar etter ressursar og har mindre fokus på problem og vanskar i samarbeidet. Personalet støttar foreldra der det trengs (Sand, 2008, s.88). Har personalet derimot ei problemorientert tilnærming til samarbeidet, ser personalet på foreldra som ressurssvake, og samarbeidet som vanskeleg. I forhold til minoritetsspråklege foreldre kan personalet med problemorientert tilnærming tenkje at foreldra manglar majoritetskulturell kompetanse, og det kan føre til eit vanskeleg samarbeid (Sand, 2008, s. 89). Som temaheftet for språkleg og kulturelt mangfald skriv, så kan det å vere annleis verte sett på som eit problem og vere ei hindring i samarbeidet, og majoriteten er den som vert omtala som «vi» (Gjervan, 2006, s. 8). I barnehagen inngår mange ulike menneske i relasjon med kvarandre. Å arbeide i barnehage fører til at du må forhalde deg blant anna til foreldre. Desse foreldra har ulike føresetnader og behov, og for å få eit godt samarbeid med desse er det viktig at barnehagen reflekterer over, og diskuterer, sin praksis om samarbeidet med foreldra (Glaser, 2013, s. 103-104). Skal barnehagen lukkast med barna, må dei lukkast med foreldra. Barnehagepersonalet må vere fordomsfrie og anerkjennande, og dele raust av eigne erfaringar (Glaser, 2013, s. 15). Glaser (2016) seier også at eit tett samarbeid med foreldra er det viktigaste som vert utført for små barn. Heimen og barnehagen utgjer heilheita i desse barnas sitt liv (Glaser, 2013, s. 18).

### 2.2.3 Dialog og kommunikasjon

Dahl seier at «kommunikasjon er å skape noe sammen» (Dahl, 2013, s. 56). Hensikta med kommunikasjon er formidling av eit bodskap mellom avsendar og mottakar (Dahl, 2013. s. 59).

Kommunikasjon kan illustrerast i den klassiske kommunikasjonsmodellen Dahl (2013, s. 57),



Den klassiske kommunikasjonsmodellen (Dahl, 2013, s. 57).

Modellen syner at avsendar sender ei melding til mottakar. Avsendar må innkode den meldinga vedkomande ynskjer å formidle, på ein slik måte at mottakar kan oppfatte bodskapen slik avsendar ynskjer. For å tolke meldinga må mottakar avkode den, og mottek då ein bodskap. Mottakar gir tilbakemelding til avsendar, og rollene vert bytta. I kommunikasjon er det også tilhøve som kan oppfattast som støy. Støy er forstyrrande element i kommunikasjonen (Dahl, 2013. s. 56-58).

Den uformelle samtala er den viktigaste kommunikasjonsforma, her er samtala ofte i gang utan at den er gjennomtenkt. Kjenner vi mottakar godt, er det lettare for at mottakar forstår den ynskja meaninga med kommunikasjonen. Ved verbal kommunikasjon kan vi tilpasse ord og kroppsspråk etter den aktuelle situasjonen (Dahl, 2013, s. 139). Til den verbale kommunikasjonen kan vi også legge til nonverbal kommunikasjon. Nonverbal kommunikasjon er kommunikasjon utan ord, det kan vere mimikk, gestar og kroppsbevegelsar. Kroppsspråket er ikkje internasjonalt, og kan difor oppfattast ulikt frå kvar


i verda du kjem frå. At ikkje vi alltid deler dei ulike kulturelle kodene for avlesing av kroppsspråk, kan føre til av avkodinga ofte vert feil, og det vi vil formidle kan misoppfattast (Dahl, 2013, s. 176).

Kommunikasjon kan vere både symmetrisk og asymmetrisk. I symmetrisk kommunikasjon er det likeverdige relasjonar, partane er likestilte og har gjensidig respekt for kvarandre. Glaser (2016) får fram at dersom partane har tillit til kvarandre, vil dei forhalde seg til kvarandre på ein velvillig og fleksibel måte. Tilliten fungerer som lim i samarbeidet, og den vil vere med på å skape ein betre dialog (Glaser, 2013, s. 119).

Personalets sin trivsel og personlege eigeskaper, er avgjerande for om barnehagelærar klarer å etablere ein god dialog med minoritetsspråklege foreldre. Har barnehagelærar god støtte i leiinga, har det stor betydning for om barnehagelærar set i verk tiltak som styrkar dette samarbeidet (Holm 2011, i Glaser 2013, s. 108).

I eit likeverdig møte er partane villige til å lytte og lære av kvarandre. Partane er betydningsfulle og spanande samtalepartnarar (Gjervan, 2006, s 43). Asymmetrisk kommunikasjon er motsetnaden til symmetrisk kommunikasjon. Relasjonen i asymmetrisk kommunikasjon er prega av at den eine parten er sterkt, den andre svakt. Det er ulik makt mellom partane der den eine er meir autoritær enn den andre (Dahl, 2013, s. 77). I samarbeid med til dømes minoritetsspråklege foreldre må vi passe på å ikkje gjere dei annleis enn «oss» - «othering». Med «othering» gjer vi dei andre til framande, og på den måten ekskluderer vi dei frå vår «normale» gruppe, dei vert oppfatta som mindre verdt enn «oss» (Dahl, 2013, s. 69-70).

Dahl (2013) har laga ein modell av open kommunikasjonen der partane er i ein «eg-du-relasjon». Partane er opne for kvarandre, og ved å tolke teikna som vert kommunisert både verbalt og nonverbalt, søker dei inn i kvarandre sine meiningsunivers. I den opene kommunikasjonen kan det skje ei horisontal samansmelting. Partane får då anten ei felles mening, eller ei forståing av likskap og ulikskap. Partane har ei førforståing, og i interaksjon med den andre parten oppstår det ei ny forståing. Refleksjonen som vert gjort i dei to første fasane, fører til ei etterforståing av tema. Dette kan visast i ein forenkla figur som syner menneskelege møte mellom person A og B (Dahl, 2013, s. 119-121).



Modell for maktrelasjonar


FF står for førforståing, F står for forståing, EF står for etterforståing (Dahl, 2013, s. 119).

I lukka kommunikasjon er det ikkje felles produksjon av meinings, og partane opnar ikkje for ny innsikt, dei opnar ikkje for horisontalsamansmelting. Partane held seg berre til eiga førforståing (Dahl, 2013, s. 121).

Aamodt & Hauge (2013) seier at samarbeid krev tid, og at det gjerne er små grep som skal til for å auke involveringa til foreldra. Eit av grepene er å legge til rette for ein trygg kommunikasjon mellom foreldra og personalet (Aamodt & Hauge, 2013, s. 75). Dei stiller også spørsmål ved kvifor enkelte av personalet i barnehagane har ei manglande interesse for å stille foreldra spørsmål, om barna sine erfaringar. Aamodt & Hauge antar at det kan vere usikkerheit rundt møta med desse foreldra som er utslagsgivande for mangelen på interesse. Personalet kan ha vanskar med korleis dei skal vende seg til foreldra, og kva dei skal snakke om når språket kan opplevast som ei hindring. Personalet kan verte usikre i møte med foreldre dei opplever som annleis enn seg sjølve, og det kan vere vanskeleg å snakke om anna enn praktiske saker (Aamodt & Hauge, 2013, s. 77).

Becher (2006) uttrykkjer at når fagfolk vil at foreldre skal kjenne seg meiningsfulle, er det ein vesentleg del av kommunikasjonen å stille spørsmål og å lytte. Til tross for at det kan vere vanskeleg å forstå det dei minoritetsspråklege foreldra prøvar å uttrykke med ord, må vi kommunisere på ein anerkjennande måte. Vi må nytte kropp og mimikk, vise interesse og vise at vi prøver å forstå. Auger og kropp kan vise at vi lyttar, og vi gjer vårt beste for å oppnå forståing av kommunikasjonen (Becher, 2006, s. 63).

I relasjon med andre menneske kan vi ha ein «eg - du - relasjon» eller ein «eg - det - relasjon». I ein «eg - det - relasjon» vert partane sett på som subjekt - objekt. Det er større avstand mellom partane og vanskelegare å gjennomføre ein god dialog. «Eg - du - relasjon» er knytt til gjensidigkeit og nærliek, og relasjonen vert opplevd som at den er mellom subjekt og subjekt. Subjekta i relasjonen er ulike, men det er ikkje til hinder for respekt, dialog og fellesskap. Ulikskapane kan vere med på å skape ei ny forståing (Dahl, 2013, s. 290). Dette felles erfaringsområdet kan utvidast gjennom læring av kvarandre. Ordet «tillit» kan lesast både frå høgre og venstre. Det skal minne oss på at tilliten er rasjonell, og går begge vegar (Dahl, 2013, s. 294).



Figuren syner at person A og B i utgangspunktet har kvart sitt erfaringsområde. Gjennom samhandling med kvarandre delar dei erfaringane sine, og dei utviklar eit felles erfaringsområde. Til meir dei lærer om kvarandre, til større vert det felles erfaringsområdet (Dahl, 2013, s. 294).

## 2.2.4 Anerkjenning

Berit Bae, 1988, (sitert i Jenssen, 2011, s. 65) skriv at anerkjenning er å la den andre vere ekspert på eiga oppleving. Det medfører at vi alltid må ta oss tid til å lytte til kva han eller ho

har å seie, før vi kjem med respons. For å verte ekspert på eiga oppleving, må personen anerkjennast av dei som deltek i historia

Indirekte diskriminering er når ein stiller krav til alle personar i ei gruppe, men kravet er av ein slik art at berre eit fåtal kan oppfylle det. Det kan til dømes vere at alle må snakke norsk, til tross for at norsk ikkje er nødvendig for å kunne fungere i situasjonen (Dahl, 2013. s. 233).

Gjervan (2006) skriv at gjennom å verte kjende med foreldra og lytte til deira tankar og kunnskap om barna deira, vil barnehagen få informasjon som er viktig for tilrettelegging for barna i barnehagen. Vi må sjå på foreldra som ein ressurs, og verdsetje deira likskapar og ulikskapar (Gjervan, 2006, s. 41). Glaser (2013) poengterer at eit godt samarbeid er knytt til kompetansen og profesjonaliteten til den enkelte. Eit godt samarbeid forutset at personalet har ei haldning om at det er greitt at vi er ulike, og syner respekt og forståing for det.

Barnehagelærar må opptre som ein støttespelar for alle foreldre (Glaser, 2013, s. 15). Sjølv i korte møter med foreldre er det mogleg å vise støtte og interesse for den andre. Løgstrup, 1975 vert sitert i Glaser (2013) der han hevdar at vi er «hinandens verden og hinandens skæbne» (Glaser, 2013, s. 85). I møte med andre menneske kan måten vi oppfører oss på vere avgjerande for om den andre veks eller visnar. Vi held alltid ein del av den andre sitt liv i våre hender. For å yte støtte til ein person er det avgjerande at ein kjenner grensene for kva som er mogleg og umogleg. Ein må også vite kva som vert opplevd som krenkande og støttande seier Løgstrup (Glaser, 2013, s. 85).

Fleire foreldre syns det er vanskeleg å vite kva barnehagen forventar av dei, og dette kan føre til usikkerheit (Glaser, 2013, s. 110). Når vi snakkar til foreldra er det viktig å tenke over kva «tone» vi nyttar. Palludan (2005) viser til at i kommunikasjon nyttar personalet to ulike samtaletonar. Desse tonane kallar ho undervisningstone og utvekslingstone.

Undervisningstonen karakteriserer situasjonar der personalet legg vekt på innføring og forklaring. Den eine parten fortel, den andre lyttar. Personen som lyttar kan kjenne seg som eit objekt (Palludan, 2005, s. 110). Utvekslingstone er tonen som vert nytta når begge partar opplever seg som subjekt i dialogen, dei utvekslar opplevingar og meiningar (Palludan, 2005, s. 133). Palludan fann at minoritetsspråklege foreldre oftare er produsentar av undervisningstonen, og dei er meir utsette for å verte møtt med denne tonen, enn foreldre med majoritetsbakgrunn (Palludan, 2005, s. 138).

## **2.2.5 Ekstra støtte i dialogen**

Sand (2008) skriv at foreldra kan få informasjon på ulike måtar, og det kan vere behov for kommunikativ støtte. Ho presiserer at denne støtta ikkje skal erstatte den verbale kommunikasjonen, men kome i tillegg (Sand, 2008, s. 95). Eksempel på støtte kan vere:

- Nok tid.
- Tolk.
- Sjå løysingar
- Tospråkleg personale.
- Bilete (Sand, 2008, s. 95-97).

Glaser (2013) tek også for seg kor viktig det er med eit godt samarbeid med dei minoritetsspråklege foreldra. Ho seier at å vere i ein god dialog er å sjå andre sin ståstad, utan å miste sin eigen. Personalet må skape gode dialogar med foreldra. Til tettare samarbeidet er mellom familie og barnehage, til betre vert kvaliteten (Glaser, 2013, s. 66). Foreldra har ulike behov for støtte, og for å få til god kommunikasjon kan det vere lurt å øve seg på å «lese den andre». Tilsette i barnehagen må vere sensitive for å forstå behovet til den andre (Glaser, 2013, s. 90).

Glaser tek for seg at tida og ressursane har innverknad på samhandlinga. Kvardagssamtalar mellom to personar med ulike språk tek meir tid, enn for samtalar mellom to med felles språk. Ho nemner også tal på tilsette og mengd av pedagogar som ei medverkande årsak til kvaliteten på foreldresamarbeidet. Skal ein forvalte foreldresamarbeid på ein god måte, trengs det nok tilsette (Glaser, 2013, s. 111-112).

Becher (2006) viser til Walløes undersøking frå 2001. Informantane i denne undersøkinga er minoritetsspråklege foreldre. Dei gir uttrykk for at dei snakkar best med dei tospråklege assistentane. Dei gir beskjedar og får informasjon, samt småpratar i det daglege. Foreldra kjenner seg tryggare for barna dersom der er assistenter med felles språkleg bakgrunn i barnehagen (Becher, 2006, s. 71). *Temaheftet for språkleg og kulturelt mangfold* seier også at tospråkleg personale har kunnskap og erfaringar, som kan føre til at dei betraktar barnehagen med eit anna perspektiv enn dei tilsette med majoritetsbakgrunn (Gjervan, 2006, s. 14).

Aamodt & Hauge (2013) poengterer at fleirspråklege medarbeidarar er uvurderlege i kontakta med framandspråklege foreldre, og dei kan ha ei sentral rolle i å involvere foreldra i det pedagogiske arbeidet. Dei fleirspråklege medarbeidarane har kunnskap som barnehagen kan

trenge. Det kan til dømes vere erfaringar med å vere immigrant, og erfaringar med ulike måtar å tenke barneoppseding på. Desse medarbeidarane kan også påverke dei andre i personalgruppa til å verte nysgjerrig på dei ulike språka (Aamodt & Hauge, 2013, s. 82-85).

Dahl (2013) tek for seg omsetting eller tolking. Omsetting nyttast for å uttrykke ei skriftleg tekst i eit nytt språk, medan tolking er ei munnleg omsetting. Det som gjer skriftlege omsettingar vanskelege, er at det er vanskeleg å attgi nøyaktig same meldinga på ulike språk. Omsetjaren kan ikkje behandle teksta utan å sjå den i samanheng med kulturen (Dahl, 2013, s. 165-167).

Den munnlege omsettinga vert ofte «teken på sparket», og ved behov kan tolken spørje om det er mogleg med presiseringar. Tolken er som eit talerøyr mellom partane. I tillegg til å kunne språket, bør tolken ha kjennskap til kulturen til både den det vert tolka for, og til tolkaren (Dahl. 2013, s. 170-171). Kjennskap til kulturane reduserer støy i kommunikasjonen, og sendar får eit betre utgangspunkt for å kunne kode bodskapen (sjå den klassiske kommunikasjonsmodellen s. 11).

## 3. Metode

Wilhelm Aubert, 1985 (sitert i Dalland, 2012) seier at ei metode er ein framgangsmåte for å kome fram til ny kunnskap (Dalland, 2012, s. 111). Dalland skriv at «Metoden forteller oss noe om hvordan vi bør gå til verks for å fremskaffe eller etterprøve kunnskap» (Dalland, 2012, s. 111). Vi bør velje ei bestemt metode, og grunngjevinga for valet bør vere at den vil gi oss gode data, og ei fagleg belysning (Dalland, 2012, s. 111-112). «Metoden hjelper oss til å samle inn data, det vil si den informasjonen vi trenger til undersøkelsen vår» (Dalland, 2012, s. 112).

### 3.1 Kvalitativ metode

Dalland seier at det må takast eit val i forhold til kva metode ein vil nytte. Ofte må ein reflektere over kva som er den ideelle framgangsmåten, og kva som praktisk let seg gjennomføre (Dalland, 2012, s. 114).

Eg vel å nytte kvalitativ metode i mi forsking. I følgje Dalland fangar kvalitative metodar opp meininger og opplevelingar, som ikkje er målbare eller let seg talfeste. Ved kvalitativ metode skjer datainnsamlinga i direkte kontakt med feltet, intervjeta er fleksible og har ikkje klare svaralternativ. Intervjeta går i djupna, og får fram både avvik, og det som er spesielt (Dalland, 2012, s. 112). Dette støtter også Løkken & Søbstad (2013), då dei seier at hovudpoenget med intervjuet er at personane som vert intervjeta, skal formulere sine eigne svar. På den måten er det lettare å få grundige skildringar i det ein vil forske på. Svara kan gi den som intervjuar nye perspektiv, og få fram forhold som ein ikkje har tenkt på tidlegare (Løkken & Søbstad, 2013, s. 107).

Målsetjinga mi er å få fram barnehagelærarar sine subjektive opplevelingar. Eg tenkjer difor at ei metode som går i djupna vil vere det rette. Ved å bruke kvalitativ metode vil eg kunne ha direkte kontakt til feltet, og oppleve eit «eg - du - forhold» (Løkken & Søbstad, 2013, s. 113).

### 3.2 Semistrukturert intervju

Semistrukturerte intervju har opne og frie svar, og opnar for å kunne stille oppfølgingsspørsmål. Ved å stille oppfølgingsspørsmål kan eg gå i djupna, og lettare få fram informantens sine meininger (Dalland, 2012, s. 113). Det kvalitative intervjuet vert

kjenneteikna av at informant og intervjuar saman skapar kunnskap gjennom samtalen (Dalland, 2012, s. 167). I eit forskingsintervju er det eg som intervjuar, som er instrumentet. På grunnlag av spørsmåla eg stiller, får eg svar. På førehand vil eg lage ein intervjuguide med spørsmål. Eg vil dele inn spørsmåla etter tema.

I følgje Løkken & Søbstad (2013), er intervju der spørsmåla er utarbeida på førehand eit strukturert intervju. I slike intervju får intervjugersonane oftast svare utifrå faste svaralternativ, men svara kan også vere opne (Løken & Søbstad, 2013, s. 106-107). Befring (2015) refererer til semistrukturerte intervju som intervju der spørsmåla er strukturerde, men svara er frie og opne. Det er viktig at spørsmåla er presise, og utan vanskelege ord. For å få opne svar er det viktig at spørsmåla ikkje er leiande (Befring, 2015, s. 75).

Mi evne til å oppfatte og forstå svara eg får, er avgjerande for om det endelige resultatet er til å stole på (Befring, 2015, s. 151). For å kunne stille relevante oppfølgingsspørsmål er det viktig med brei kunnskap. I følgje Dalland er det viktig å vere godt førebudd til intervjuet. Informantane har krav på anonymitet, og dei må få vite at eg har teieplikt (Dalland, 2012, s. 166). I forkant av intervjeta vil eg i samråd med veileiar samanfatte eit samtykkeskjema. Skjemaet skal innehalde informasjon om studien, og formålet med intervjuet. Eg skal intervju barnehagelærarar i tre ulike barnehagar, og under intervjeta vil eg nytte lydopptak som skal transkriberast i etterkant. Eg vil informere om at transkribering og lydopptak vert sletta etter godkjenning av oppgåva. For å vere godt førebudd til intervjeta, har eg lese ein god del om temaet på førehand.

Sidan problemstillinga mi er retta direkte mot kvardagen i barnehagane, og for å få opne og frie svar frå barnehagelærarar, ser eg på semistrukturert intervju som rett metode å bruke. Eit kvantitativt spørjeskjema gir ikkje like utdjupande svar. I motsetning til spørjeskjema, kan eg gjennom intervju kome med oppfølgingsspørsmål dersom noko er uklart.

Eg kan ikkje vere sikker på at informantane gir ærlege svar på spørsmåla, og det kan vere ein fordel å observere frå praksisfeltet i tillegg til å intervju. Utifrå tida eg har til rådvelde vert det for tidkrevjande å utføre begge deler. Kanskje vil det også verte vanskelegare for foreldra å gjennomføre ein dialog med barnehagelærarar, dersom eg sit og observerer. Også barnehagelærar kan oppleve situasjonen som unaturleg, og situasjonen kan verte kunstig.

Ei anna utfordring med observasjon er å tidfeste når aktuelle situasjonar oppstår. Mi vurdering er at eg må velje éi metode, og har kome fram til at intervju av barnehagelærarar vil gi ei god innsikt i deira erfaringar og tankar rundt tema.

### 3.3 Val av informantar

Sidan eg har valt ei kvalitativ undersøking og på den måten kunne gå i djupna, kan ikkje antal intervjugersonar vere for stort. Har du gode samtalar med ein til tre intervjugersonar kan det gi mykje stoff til ei oppgåve (Dalland, 2012, s.165). Tanken min er at ein til to informantar høyrest lite ut, eg vil difor prøve å få tak i tre barnehagelærarar. Eg vil sikre at dei har minoritetsspråklege foreldre i si gruppe, og må difor ta eit strategisk val i forhold til barnehagane eg vil intervju i (Dalland, 2012, s. 163).

Eg enda opp med eit utval på tre informantar. Alle er utdanna barnehagelærar, er tilsette som pedagogiske leiarar, og har minoritetsspråklege foreldre på gruppa. For å sikre anonymiteten deira refererer eg til dei som informant A, B og C. Informant A var ferdig utdanna barnehagelærar i 2008, og har jobba i barnehage sidan. Ho har ei gruppe med 23 barn, fire av dei har minoritetsspråklege foreldre. Informant B har 30 barn på gruppa, over 50 % av dei har minoritetsspråklege foreldre. Ho var ferdig utdanna i 1987, og har jobba både i skule og barnehage. Informant C var ferdig utdanna i 1988, og har jobba som pedagogisk leiar sidan. I foreldregruppa har ho 14 minoritetsspråklege foreldre.

### 3.4 Kvalitet i oppgåva

Reliabilitet handlar om kor pålitelege funna er. Målingane må utførast korrekt, og eventuelle feilmarginar må verte oppgitt (Dalland, 2012, s. 52). Befring støttar også dette då han skriv at «reliabilitet gir uttrykk for nøyaktigheten og stabiliteten av data» (Befring, 2015, s. 53).

Dalland nemner at under intervjuet er sjølve kommunikasjonen ei mogleg feilkjelde. Moglege feil kan vere om lydopptaket er godt nok, eller om informanten og eg som intervjuar forstår kvarandre rett (Dalland, 2012, s. 120).

Validitet vert definert som relevans og gyldigheit. Det som vert målt må vere relevant, og gyldig for problemet som skal undersøkast (Dalland, 2012, s. 52). Både kjeldene, og data vi hentar frå dei, må vere relevante. Eg må sikre at spørsmåla bidreg til å belyse problemstillinga (Dalland, 2012, s. 120). For å få rettast moglege målingar, er det viktig å reflektere over kva data som er sentrale for problemstillinga. For å sikre dette best mogleg vil eg teste ut intervjuguiden på førehand av intervjuia, og på den måten lettare fange opp eventuelle feil.

I følgje Dalland (2012) har den første førespurnaden om deltaking stor betydning. For å leggje eit godt grunnlag for at møtet skal verte vellukka, er det viktig å leggje stor vekt på informasjonen som vert gitt, og hensikta med intervjuet (Dalland, 2012, s. 165-166).

Eg prøvde å kontakte fem styrarar via telefon. Tre av dei svara ikkje. Eg sende difor førespurnad til desse på e-post. Eg fekk til saman tre positive tilbakemeldingar. Til desse sende eg eit informasjonsskriv som inneheldt opplysningar om oppgåva, informasjon om anonymisering, samtykkeerklæring, og opplysningar om at informanten når som helst kunne trekke tilbake informasjonen som vart gitt (sjå vedlegg 1).

Før intervjeta føretok eg eit pilotintervju. Pilotinformanten min har brei erfaring frå barnehagefeltet, og kom med relevante svar. På den måten fekk eg sjekka validiteten i spørsmåla mine, og var difor rimeleg trygg på at spørsmåla var relevante i forhold til problemstillinga. Intervjeta med informantane gjekk føre seg i barnehagane der informantane jobba. Eg tenkte det kunne vere lettare å vere opne på «heimebane», og ved å oppsøke informantane på deira arbeidsplass brukte eg også mindre av deira tid.

Til tross for pilotintervjuet såg eg først i ettertid at spørsmål 9 c i intervjuguiden (sjå vedlegg 2) burde vore stilt annleis. Det syntet seg å vere eit spørsmål der dei kunne svare berre ja/nei. To av informantane måtte eg difor be utdjupe svaret. Spørsmåla 2 og 4, syntet seg å vere irrelevante spørsmål. Svara på spørsmåla har inga betydning, foreldra har uansett krav på tilrettelegging i kommunikasjonen så lenge det er behov, og uansett om dei er dei einaste foreldra som har dette behovet.

I intervjet med informant A, oppfatta eg at ho tok alle foreldre som ikkje har norsk som morsmål under eitt, også dei svenske. Eg hadde difor fokus på det då eg stilte spørsmål, og bad henne tenke på foreldra som kom i frå land utanom Sverige. Hadde eg skrive definisjonen på minoritetsspråkleg i informasjonsskrivet, kunne dette kanskje vore unngått.

Under transkriberinga av lydopptaka passa eg på å vere så nøyaktig som mogleg, men eg kan likevel ha skrive ned eller tolka noko feil.

Eg måtte nullstille eigne tankar så langt det lot seg gjere. Ein har alltid ei førforståing, og er dermed aldri heilt nøytral. Dette var difor i tankane mine då eg skulle analysere data.

### 3.5 Forskingsetiske vurderingar

I følgje Dalland er etikk normene for «riktig og god livsførsel» (Dalland, 2012, s.96).

Forskingsetikk er eit område av «etikken som har med planlegging, gjennomføring og rapportering av forsking å gjøre» (Dalland, 2012, s. 96). Eg må ta vare på personvernet til informantane, og sikre at forskingsresultata vert mest mogleg truverdige. Målet med forskinga er å vinne ny kunnskap, men tileigning av resultat må ikkje skje på bekosting av informantane (Dalland, 2012, s. 96).

På førehand stilte eg spørsmål ved kven som skulle ha nytte av kunnskapen som vart innhenta. Svaret på spørsmålet er meg sjølv. Eg er den som har mest igjen for denne forskinga, men sidan resultatet eg får skal formidlast til kollegane mine, håper eg det også kjem dei til nytte. Eg ynskjer også at det skal kome dei framandspråklege familiene til gode.

Det vert også viktig å tenkje på personvernet til informantane. Eg må huske på teieplikta, og anonymisering av informantar og barnehagar. Eg laga eit samtykkeskjema der eg informerer informantane om at dei kan trekkje seg, utan at dei er pliktige å grunngi dette (vedlegg 1).

Til tross for at eg kan vere ueinig i svara informantane gir, må eg sjølvsagt syne dei respekt. For å unngå at informantane opplever intervjuet som ei byrde, er det viktig at eg opptrer slik at atmosfæren vert opplevd som god. Eg må opptre på ein måte som ikkje gjer informantane forlegne. Eg vil avgrense tida, for å ikkje bruke meir av deira tid enn nødvendig. For meg er dette eit viktig tema, eg håper informantane tenkjer det same, og difor lettare kan akseptere den belastninga dei kan kjenne på i samband med intervjuet.

### 3.6 Analyse av data

I følgje Dalland (2012) nyttar vi analyse for å finne ut kva intervjuet har å fortelje. Vi analyserer for å finne meiningsa i det vi har fått vite. Vidare poengterer Dalland viktigheita i å få fram innhaldet på ein sakleg måte (Dalland, 2012, s. 178). Eg må altså i størst mogleg grad få fram svara eg får på ein rett måte. Eg kan ikkje tolke og reflektere utifrå eigne meininger. Det er viktig at eg nullstiller tankane mine, og må prøve å ikkje ta med eigne tankar kring temaet. Eg må opptre sakleg, og finne ut kva informasjon eg har funne. Intervjuguiden er delt opp i tema, og på den måten kan det verte lettare å få ei god analyse. Dette støttar også Dalland då han skriv at oppdeling i mindre delar, kan hjelpe oss å få tak i dei ulike sidene ved

det informantane har sagt (Dalland, 2012, s. 178). For å kunne snakke om generalisering er tre informantar få, så det eg kjem fram til her, kan ikkje danne grunnlag for statistikk.

Eg vil ta lydopptak av intervjeta, for så å transkribere dei i etterkant. Notatar som er tekne undervegs i intervjeta, kan vere eit viktig hjelpemiddel under tolking av teksta. Notatar kan vere til hjelp for å finne meiningsa i den informasjonen eg får (Dalland, 2012, s. 178-179). Eg kan til dømes notere om kroppsspråket til informantane, eller om dei brukte lang tid for å svare.

## 4. Presentasjon av data

### 4.1 Data om ‘samarbeid og kommunikasjon’

På spørsmålet «korleis opplever du samarbeidet med dei minoritetsspråklege foreldra?» er det viktig å trekke fram at alle i utgangspunktet syns det gjekk bra. Informant A ville helst snakke om dei svenske foreldra, så henne bad eg tenke på samarbeidet med foreldre som snakkar eit språk ho ikkje forstår.

Informantane var einige i at språket er den største utfordringa i samarbeid med foreldre som har gjort landebyte. Informant C syns det er forskjell på samarbeidet med arbeidsinnvandrarar, og samarbeidet med flyktningar og asylsøkjarar. Informant B opplever at detaljinformasjon kan dette ut i kommunikasjon med framandspråklege, og informant A sa at samarbeidet er absolutt lettast når ein forstår språket som vert nytta i dialogen. Informant B har også gitt klart uttrykk til ein far som har vore tre år i Noreg, at det er på tide han lærer seg norsk. Vil han bu i Noreg bør han kunne språket.

Ein vanleg bringe- og hentesituasjon med minoritetsspråklege foreldre, vert av informant A og B, beskrive som lik slik desse situasjonane er med norske foreldre. Informant C opplever at dei minoritetsspråklege foreldra, ofte syner større interesse for korleis barnet har hatt det i barnehagen. Ho meiner at ressurssenteret i kommunen har gitt god opplæring i korleis dei bør opptre som barnehageforeldre.

Informantane fekk spørsmålet: «Kan du kome med døme på ein utfordrande dialog med dei minoritetsspråklege foreldra?». Informant A hadde hatt ein situasjon der ei framandspråkleg familie med to barn i barnehagen, leverte berre det eine barnet. Dette fordi det andre barnet gret ved levering. Barnehagelærar opplevde dette som vanskeleg, og kalla difor inn foreldra til samtale. Informant B fortalte at sjølv om personalet etterlyser nye reservekle til barna, kan det gå ei stund før foreldra kjem med dette. I tillegg fortalte informanten om ein dialog med framandspråklege foreldre der ho ikkje greidde å forstå kor mykje, og kor ofte barnet skulle ha medisin. Dette syntest ho var viktig, noko ho utdjupa fleire gongar under intervjuet. Ho tok fleire gongar oppatt setninga: «*det gjaldt medisin... det var viktig...*». For å oppnå forståing i denne situasjonen vart tospråkleg pedagog tilkalla. Ho snakka same språket som desse foreldra. Informant C meiner det generelt kan vere utfordringar reint språkleg med minoritetsspråklege foreldre. Ho har fleire gongar fått god hjelp med språkpraksis-elevar.

Eg stilte spørsmål om dei kunne gi døme på ein spesielt god dialog med dei minoritetsspråklege foreldra. Informant B svara at det stort sett går greitt, og at dei nyttar ein del humor og latter. Informant A viser ikkje til ein spesiell situasjon, men seier at det er viktig å bruke god tid. Informant C utdjupar svaret sitt med at det er viktig at personalet syner interesse for foreldra i dialogen, og gir foreldra grunn til at dei kan stole på dei. Ho opplevde etter å ha vore vekke frå barnehagen ei god stund, at ei minoritetsspråkleg mor sa til henne at no hadde barnehagen fått igjen begge auga sine. Denne mora synest at denne barnehagelæraren verkeleg prøvde å forstå henne, og hadde sakna barnehagelæraren den tida ho hadde vore vekke.

Vidare spurte eg om korleis det vert lagt til rette for ein god dialog i bringe- og hentesituasjonen med minoritetsspråklege foreldre. Vert det nytta hjelpemiddel, i tilfelle kva? Informant A nyttar konkretar som til dømes klede, dei nyttar Google translate og dei har i enkelte tilfelle nytta morsmålsassistent. Informant B syner fram biletet, og meiner biletet seier meir enn tusen ord. Elles nyttar ho konkretar, og er bevisst på å vise fram eventuelle produkt barna har laga i barnehagen. Informant C nyttar teikn til tale og konkretar. Igjen tek ho fram at tid er det viktigaste. Dei må nytte den tida som trengs for å gjere seg forstått. Det vert nytta tolk dersom det er kjenslemessige ting som må takast opp.

Ingen av barnehagane har eigen plan for samarbeid med minoritetsspråklege foreldre. Informant C seier at samarbeidet bygger på verdigrunnlaget til barnehagen, det går på korleis dei skal møte menneske. I informant B sin barnehage, har dei ein standard for bringe- og hentesituasjonen. I tillegg har dei spurt foreldra om kva dei ynskjer å få tilbakemelding på etter ein barnehagedag. Dei fleste foreldre ynskjer å vite kva barnet har styrt med, og kven det har leika med. Informant A sin barnehage går utifrå årsplan og rammeplan når det gjeld foreldresamarbeid. Desse planane gjeld for alle foreldre.

Alle informantane er einige om at foreldresamarbeid skal vere til barnets beste, og har ikkje noko tidsperspektiv på lengda for tilrettelegging. Informant C var tydeleg på at dei framandspråklege foreldra er ulike, akkurat som etnisk norske foreldre, og ser at utfordringar i samarbeidet like ofte gjeld med dei norske. Ho seier vidare at det viktige er å skape rom til dialog, og å syne respekt for kvarandre.

På spørsmålet om informantane ser forhold som kan gjere dialogen med minoritetsspråklege foreldre enklare enn med norske foreldre, svara alle at dialogane er ganske like. Informant B svarar at foreldra er ulike, uansett kva land dei kjem ifrå. Informant C tenkjer at sidan dei

nyttar meir tid til dialog med dei framandspråklege foreldra, så kan det føre til at dei utviklar eit betre forhold til desse, enn til dei norske foreldra.

Informantane uttrykker at personalet har ei god forståing for at eit godt samarbeid med dei minoritetsspråklege foreldra er viktig. Informant C ser likevel at for å oppnå eit godt samarbeid må dei jobbe meir med enkelte i personalgruppa, enn med andre. Informant B ser at enkelte foreldrepar er meir populære enn andre, og det kan vere assistenter som er raske å gå i garderoba dersom desse foreldra kjem. Er det derimot mindre populære foreldre som kjem, kan dei verte oversett.

## 4.2 Data om ‘tiltak’

Informant A ser at der er tilsette i barnehagen som vert negativt påverka av andre i korleis dei kommuniserer med minoritetsspråklege foreldre.

Også informant C ser at personalet kan verte påverka av kvarandre i møte med framandspråklege foreldre. Ho ser at påverkinga kan slå begge vegar. Det finst personale som vert påverka av andre tilsette til å møte desse foreldra på ein meir positiv måte, enn dei har gjort tidlegare. Informant C presiserer at dersom foreldre vert møtt på ein uheldig måte, så må leiinga krevje at dette vert jobba med dette.

Informant A opplyser at foreldresamarbeid er ein del av årsplanen, og vert jobba med på alle personalmøte og avdelingsmøte. I tillegg har dei foreldreevaluering, og tek tak i det foreldra ikkje er fornøgde med. Er det kommunikasjonen foreldra er misfornøgde med, tek personalet tak i det med ein gong. Informant B har foreldresamarbeid som tema oppe på ulike møter, men berre på generelt grunnlag. Fokuset deira er at alle skal behandlast med respekt. Dei har tatt opp på avdelingsmøte at dersom personalet har problem i kommunikasjonen med foreldra, må det på ingen måte gå utover barna. Denne barnehagelæraren innrømte at dersom ho er ueinig i måten personalet tek imot foreldra på, så er ho ikkje tøff nok til å seie frå til personalet. Ho sa blant anna «Kva skal du gjere med det? .....Eg har ofte følt meg feige... Eg synest det er vanskeleg. Korleis skal du gjere det?» Ho håper å påverke personalet ved å stå fram som eit godt førebilete. Barnehagen til informant C har dei siste fire åra jobba med foreldresamarbeid på alle møter og planleggingsdagar. I fellesskap har personalet kome fram til prosedyrar som gjeld bringe- og hentesituasjonen. Prosedyrane går på verdigrunnlaget til barnehagen. Korleis skal dei møte andre, og korleis vere mot kvarandre? Dette er ein

kontinuerleg prosess dei har dei fokus på heile tida, og heile personalgruppa skal vite korleis dei skal arbeide med dette.

Alle informantane er einige i at dette temaet er viktig. Informant A seier det er viktig at alle foreldre vert tatt godt imot, og at heile personalgruppa må vite korleis dei skal legge til rette for eit godt foreldresamarbeid. Informant B seier at temaet er noko som må gjelde alle barnehagar, også dei med berre etnisk norske foreldre. Samfunnet er i utvikling, og det er stadig fleire familiar som gjer landebyte. Dei minoritetsspråklege må ikkje verte ei ny klasse, som er lågare enn den etnisk norske. Informant C ser at sjølv om dei har fokusert mykje på foreldresamarbeid dei siste fire åra, så opplever dei framleis at framandspråklege foreldre og språkpraksis-elevar vert snakka til på ein ikkje-akseptabel måte. Heile personalgruppa må arbeide med seg sjølv, dei må vere med på prosessen og vere einige om rammene det skal arbeidast utifrå. Personalet må kome fram til ei felles plattform. For enkelte er dette ein lang prosess, difor er det viktig å ta opp temaet med jamne mellomrom.

### 4.3 Data om ‘eventuelt’

Til slutt i intervjuet fekk informantane spørsmål om dei hadde noko dei ville legge til, i tillegg til det vi hadde snakka om. Informant A tok fram kor mykje ei god samtale kan styrke foreldresamarbeidet. Informant B sa at dei heile tida prøver å fokusere på korleis dei behandler menneska dei omgås, og ved behov prøver dei å nytte tospråkleg personale. Informant C poengterte igjen kor viktig det er at heile personalgruppa er med på prosessen for å skape eit godt samarbeid med foreldra. For å bygge gode relasjonar og syne respekt seier ho «det handlar så mykje om dette å få med heile personalgruppa. Det er så lett å tru at alle forstår».

## 5. Drøfting

For å finne svar på korleis barnehagelærar legg til rette for god kommunikasjon med minoritetsspråklege foreldre i bringe- og hentesituasjonar, vil eg drøfte dei empiriske data opp mot kunnskapsgrunnlaget.

### 5.1 Drøfting av ‘samarbeid og kommunikasjon’

Det uformelle samarbeidet i barnehagen oppstår kvar dag ved levering og henting i barnehagen (Becher, 2006, s. 67). Å arbeide i barnehage inneber at vi må forhalde oss til fleire ulike menneske.

Som nemnt tidlegare fokuserer Agaacanaoglu (sitert i Sand 2008) på haldningane danske lærarar syner innvandrarforeldre. Lærarane meiner blant anna at foreldra er likeglade (Sand, 2008, s. 80-81). Ei slik førehandsdømming kan vere skadeleg for samarbeidet. Heldigvis ser informant C at personalet også påverkar kvarandre på ein positiv måte i samarbeid med minoritetsspråklege foreldre, ikkje berre ein negativ.

Data frå intervjua viser at her er personale som er med på å formidle ei ressursorientert tilnærming til dei enkelte foreldra, og dei prøver å få resten av personalet til å sjå på foreldra som viktige samarbeidspartnerar. For å bidra til eit større engasjement frå foreldra, bør personalet sjå på foreldra som ein ressurs, og sende signal om at dei er viktige. Glaser nemner at fleire av desse foreldra syns det er vanskeleg å vite kva barnehagen forventar av dei (Glaser, 2013, s. 110). Dette kan gjere foreldra usikre på korleis dei skal opptre i barnehagen. Opplever vi usikre foreldre, er det viktig å ikkje sjå på dei slik dei danske lærarane Agaacanaoglu viser til gjer. Vi må fokusere på dialogen vi har med desse foreldra. Vi bør gjere alt for at foreldra skal oppleve positive dialogar, og dei bør få kjensla av ein «eg - du - relasjon». At vi er ulike, skal ikkje hindre gjensidig respekt (Dahl, 2013, s. 290).

Ved å syne gjensidig tillit, vil begge partar lære av kvarandre, få auka erfaring og eit felles erfaringsområde til dømes rundt arbeidet med barna (sjå modellen for erfaringsområde s. 14). Dette samsvarar også med Glaser (2013) som viser til at samarbeidet med foreldra er det viktigaste som vert utført for barna. Heimen og barnehagen i fellesskap utgjer heilheita i små barnehagebarns liv (Glaser, 2013, s. 18).

Vi må gi foreldra gode erfaringar med korleis det er å vere barnehageforeldre. Vi må trygge dei i samarbeidet, og støtte dei ved behov. Dei må få opplevinga av å vere den største ressursen for sine barn. Greier vi dette, har vi det Sand definerer som ei ressursorientert tilnærming til foreldresamarbeidet (Sand, 2008, s. 88-89). Personalet må sjå på alle foreldre som likeverdige. Dette kan vi sjå i samanheng med det informant C fortalte om ressurssenteret i kommunen, og deira arbeid retta mot flyktingane. Ressurssenteret har gitt god opplæring til flyktingane om korleis det er å vere foreldre i barnehagen. Dette arbeidet har personalet i barnehagen god nytte av. Foreldra veit kva som vert forventa av dei, og kva dei kan forvente av barnehagen.

Som Berit Bae, 1988 (sitert i Jenssen, 2011) skriv er anerkjenning å la den andre vere eksperter på eiga oppleving, vi må difor lytte til kva som vert fortalt, før vi kjem med respons. Forteljaren må oppleve anerkjenning frå den som lyttar (Jenssen, 2011, s. 65). Vi må synne interesse for kva den enkelte forelder prøvar å formidle. Dette er lettare dersom vi har det Glaser omtalar som symmetrisk kommunikasjon, at partane er likestilte og stiller seg velvillig til kvarandre (Glaser, 2013, s. 119).

Glaser (2013) fokuserer på at minoritetsspråklege foreldre ikkje er ei einsarta gruppe. Dei er individuelt ulike på same måte som majoritetsforeldre (Glaser, 2013, s. 106). Dette samsvarar med det som informant B og C peikar på, foreldra er ulike uansett bakgrunn. Grunngjevinga samsvarar også med Tholin som viser til at foreldra i barnehagen er av dei minst homogene gruppene vi har (Tholin, 2008, s. 103). Skal desse foreldra få lik behandling, må dei behandlast ulikt for å få stetta sine behov.

Alle mine informantar var einige om at foreldresamarbeidet skal vere til barnets beste. Inntrykket mitt er at informantane tek dette på alvor, men eg reagerte på at informant B oppmoda ein far til å lære norsk. Han har vore tre år i Noreg, og informanten meiner det er på tide å nytte norsk i kommunikasjon med barnehagen. Ho ser på det som eit problem at kommunikasjonen mellom dei ikkje kan gjennomførast med norsk som språk. Dette minner meg om det Dahl skriv om asymmetrisk kommunikasjon, der makta er ulik mellom partane (Dahl, 2013, s. 77). Eg tenkjer at med denne haldninga kan informanten sette ein stoppar for eit godt samarbeid, og det kan føre til at eine parten vert sett på som det Dahl definerer som «othering» (Dahl, 2013, s. 70). Temaheftet for språkleg og kulturelt mangfold tek også for seg at majoriteten vert sett på som «vi», og det opplevast som minoriteten vert oppfatta som eit problem (Gjervan, 2006, s. 8).

Ser vi til Glaser (2013) er det viktig å kjenne til kva som kan opplevast som krenkande for den andre parten. Vi må opptre som støttende i relasjon med andre menneske. Å krevje at far skal snakke norsk, er slik eg forstår ressursorientert samarbeid med foreldra ikkje å syne han støtte. Det kan derimot opplevast som ei krenkande åtferd som kan føre til at far vert usikker i relasjon med personalet. Dette er å gjere seg skuldig i det Dahl omtalar som indirekte diskriminering (Dahl, 2013. s. 233). Grunna sin etnisitet vart faren behandla dårlegare enn andre foreldre.

Kommunikasjon er å skape noko ilag (Dahl, 2013, s. 56). Det er viktig at bodskapet vert tolka rett, og det bør ikkje vere mange forstyrringar rundt partane. For at mottakar skal kunne avkode bodskapen rett, er det viktig at ikkje andre høve stel merksemda til partane (sjå den klassiske kommunikasjonsmodellen s. 11).

Alle informantane opplever at kommunikasjonen med dei minoritetsspråklege foreldra går bra, men dei ser at språket kan vere ei utfordring. Eg spurte informantane mine om dei kunne gi eksempel på ein utfordrande dialog med minoritetsspråklege foreldre. Eg vel å vie merksemd til svaret til informant B. Ho hadde i dialog med framandspråklege foreldre, ikkje greidd å forstå korleis eit barn skulle medisinerast. På grunn av språkvanskars forstod ikkje partane kvarandre. Som nemnt tidlegare gjentok ho fleire gongar «det gjaldt medisin... det var viktig...». I hennar barnehage er der tilsett ein pedagog som nyttar same språk som desse foreldra. Pedagogen vart tilkalla, og foreldra fekk forklare kor mykje, og kor ofte barnet skulle ha medisin. Temaheftet for språkleg og kulturelt mangfald poengterer at foreldra må få moglegheit til å snakke om det dei opplever som viktig (Gjervan, s. 41). Ved å tilkalle denne pedagogen la barnehagen til rette for dette. Informant C har også nytta tospråklege praksiselever til støtte i kommunikasjonen. Dette får meg til å tenke på om det bør vere krav om tilsetjing av tospråklege assistenter i barnehagane. Kanskje bør det takast med i dei politiske diskusjonane om bemanning i barnehagane. For dei framandspråklege kan samansetning av personalgruppa ha like stor betydning som talet på tilsette.

Historia til informanten som fortalte om barnet som skulle ha medisin, viser kor viktig det er med forståing i dialogen. Her gjaldt det noko så viktig som medisin, og det vart henta inn personale med same språk som foreldra. Dette dømet får meg til å tenke vidare på om personalet hadde lagt like mykje arbeid i dialogen dersom dei hadde snakka om kva barnet hadde gjort på i helga? Har ikkje desse familiene like stor rett som dei norskspråklege til å uttrykkje seg uansett kva det gjeld?

Becher viser til Walløes undersøking frå 2001, som syner at minoritetsspråklege foreldre uttrykkjer at dei snakkar best med tospråkleg personale (Becher, 2006, s. 71). Eg har ofte tenkt på for ei lette det ville vere for barn og foreldre å kunne snakke og høyre sitt eige språk i barnehagen. I tillegg til å ha kjennskap til kultur og religion, som temaheftet skriv er viktig for foreldra at personalet kjenner til (Gjervan, 2006, s. 71), vil ein unngå mistydingar i viktige saker som til dømes medisinering.

Glaser tek for seg at tida og ressursane har innverknad på samhandlinga (Glaser, 2013, s. 111). Dette samsvarar med funn frå intervjuet som syner at tid er viktig i samarbeid med minoritetsspråklege foreldre. Informant A og C, seier begge at det er viktig å nytte nok tid i dialogen, i tillegg syne respekt og interesse, og på den måten oppnå tillit i relasjonen. Tholin nemner at samarbeidet skal skje på ein anerkjennande og inkluderande måte (Tholin, 2008, s. 103). For å opptre på ein anerkjennande måte er det viktig å sjå behovet til dei enkelte. Nokre foreldre treng meir tid enn andre for å forstå, og å gjere seg forstått. Det er viktig å prøve å lese den andre, og sjå behovet til denne personen. Dette støtter også Glaser som viser til at å vere i ein god dialog er å sjå andre sin ståstad, utan å miste sin eigen (Glaser, 2016, s. 66). Det er ikkje kvar dag ein har like mykje å fortelje til foreldra, men å snakke litt om dagen er også viktig. Kven har barnet leika med? Kva spiste det til middag? Vis at du har vore til stades i barnet sin dag. Dagleg småprat kan gi barn og foreldre noko å snakke om på heimveg. I tillegg vil foreldra kjenne at personalet bryr seg om barnet (Becher, 2006, s. 67).

Sidan intervjuet syner at alle informantane ved behov nyttar hjelpemiddel i dialog med minoritetsspråklege foreldre, så tek eg det som eit døme på Glaser si meiningsomtak om kommunikativ støtte i dialog i enkelte tilfelle er nødvendig (Glaser, 2013, s. 112). Dette er eit viktig funn som syner at dei er opptekne av dette arbeidet, og prøver å legge til rette for ein god dialog. Døme på hjelpemiddel kan vere bilet, tolk og konkretar (Sand, 2008, s. 95). Dette er også døme på støtte informantane nyttar i sine dialogar. Informant C var tydeleg på at er det kjenslemessige ting som må takast opp, nyttar dei tolk eller tospråklege praksiselever. Dette for å sikre forståing.

A har nytta Google translate. Munnlege omsettingar vert tatt på sparket, og tolken kan ved behov be om presiseringar. Med skriftleg omsetting som Google translate er det vanskeleg å få fram det rette bodskapet. Teksta kan ikkje omsettast utan å sjå den i samanheng med kulturen. Ord kan ha fleire tydingar (Dahl, 2013, s. 166-167). Om vi ser til Dahl (2013) som ikkje anbefaler skriftleg omsetting, så har eg likevel erfart at i enkelte tilfelle kan Google

translate vere eit nytig hjelphemiddel for å finne omsetting til enkeltord, eg kjem difor ikkje til å slutte å nytte dette hjelphemiddelet.

Kroppsspråket, som også vert kalla det nonverbale språket, er avgjerande for korleis dialogen mellom to partar vert oppfatta. Mottakar kan forstå orda du seier, men ser at kroppsspråket ditt fortel noko anna. Eg tenkjer det kan betre dialogen om partane har ein open kommunikasjon, der begge kjenner seg meiningsfulle og likeverdige. Mi meining er at du må vise ekte omsorg i dialogen. Eg ser for meg at i kommunikasjon prega av omsorg vil ein nytte utvekslingstone i dialogen (Palludan, 2005, s. 110). Stemmer dette, og er det i tilfelle slik at undervisningstonen vert nytta i kommunikasjon utan preg av omsorg? Det er sannsynleg at mora som sa til informant C at barnehagen hadde fått igjen begge auga sine, har opplevd dialogar prega av omsorg med denne barnehagelæraren. Eg tolkar det slike at i deira dialogar har dei kjend seg som likeverdige partar, der begge har vore tydingsfulle for kvarandre.

## 5.2 Drøfting av ‘tiltak’

Alle dei tre barnehagane arbeider på eit generelt grunnlag med foreldresamarbeidet. Eg vil hevde at samarbeid med framandspråklege foreldre bør vere eit tema for seg sjølv. I fleire tilfelle må det jobbast på ein anna måte med desse foreldra, enn i tilfella der partane har felles språk. Dette er eit tema som bør diskuterast med jamne mellomrom i personalgruppa. Det kan vere endringar i personalgruppa, og det er viktig at alle veit korleis dei skal møte desse foreldra slik at foreldra kjenner seg likeverdige. Er alle med på prosessen der rutinane vert fastlagt, vil kvar enkelt medarbeidar kjenne på eit eigarskap som kan gjere det lettare å utføre ein god jobb. Informant C og personalgruppa hennar har jobba mykje med dette dei siste fire åra, og ho presiserer kor viktig det er at heile personalgruppa er med på å skape rammene det skal jobbast utifrå. I barnehagen til informant C har personalet i fellesskap kome fram til prosedyrane som gjeld i bringe- og hentesituasjonen. Dette samsvarar med Sand som poengterer at det er heile personalgruppa sine haldningar og pedagogisk grunnsyn, som skal ligge til grunn for foreldresamarbeidet (Sand, 2008, s. 75).

Vidare meiner informant C at det er viktig at leiinga tek tak i dette arbeidet dersom det ikkje fungerer optimalt. Aamodt & Hauge seier at samarbeid krev tid, og at det gjerne er små grep som skal til for å auke involveringa til foreldra (Aamodt & Hauge, 2013, s. 75). Desse grepene må leiinga ta ansvar for. Det kan vere å snakke med personalet sitt, og forklare viktigheita av dette arbeidet. Aamodt & Hauge tek også fram at usikkerheit om korleis ein bør forhalde seg

til foreldre med eit anna språk, kan opplevast som vanskeleg for personalet (Aamodt & Hauge, 2013, s. 77). Har personalet ei støttande leiing som rettleiar og gir dei verktøy som kan nyttast i samarbeidet, så kan det ha stor betydning for både personalet og foreldra. Dei kan leggje opp til møter med fokus på dette samarbeidet. Ein måte er å nytte case som tek for seg foreldresamarbeid med minoritetsspråklege foreldre. Eit case kan fokusere på eit godt samarbeid, eit anna på eit utfordrande samarbeid. I etterkant kan personalet reflektere over kva som fungerte bra, og kva som fungerte dårlig. Glaser viser også til at det er viktig å reflektere over utfordringar, og det bør vere god støtte frå leiinga (Glaser, 2013, s. 105-108).

### 5.3 Drøfting av ‘eventuelt’

Temaheftet for språkleg og kulturelt mangfald, skriv at det å verte sett på som annleis, kan vere ei hindring i samarbeidet (Gjervan, 2006, s. 8). Det er viktig at vi som jobbar i barnehage legg til rette for eit godt samarbeid med alle foreldre i barnehagen. Vi skal syne respekt for kvarandre og dei ulikskapane som er mellom menneska. Som Løgstrup (1975) hevdar i Glaser (2013) held vi alltid ein del av den andre sitt liv i hendene våre (Glaser, 2013, s. 85).

Personalet i barnehagane må gjere alt for at alle skal få gode relasjonar i barnehagen. Dette kan vi gjere ved å verte kjende med foreldra, få viktig informasjon om barna, og på den måten utvide erfaringsområdet vårt (sjå modellen for erfaringsområde, s. 14). Vi må vise med heile kroppen at vi forsøker å forstå bodskapen. Dette støtter også Becher ved å seie at det er viktig å vise gjennom kropp og mimikk at vi prøver å forstå det som vert formidla (Becher, 2006, s. 63).

Det er viktig å gjere vårt beste for å lytte, og forstå det foreldra formidlar. Vi har gjerne ei førforståing, men i interaksjon med foreldra vil det oppstå ei ny forståing (sjå modellen for maktrelasjonar, s. 13). På den måten kan vi i fellesskap sørge for at barnet får det best mogleg i barnehagen. I relasjon med foreldra er det viktig at personalet står for eigne haldningar, og ikkje let seg påverke negativt av andre i personalgruppa. Personalet bør lære av dei som opplever god kontakt med dei framandspråklege foreldra. Personalet bør observere og lære av det positive i desse relasjonane.

## 6. Konklusjon

Gjennom denne oppgåva har eg forsøkt å belyse korleis barnehagelærar legg til rette for god kommunikasjon med minoritetsspråklege foreldre i bringe- og hentesituasjonar. Eg har nytta kvalitativ metode, og har intervjuat tre barnehagelærarar med leiaransvar. I mi oppgåve har eg sett på det daglege uformelle samarbeidet med minoritetsspråklege foreldre, men det har heilt sikkert overføringsverdi til samarbeid i andre situasjonar også, som til dømes kontaktmøter.

Ingen av barnehagane eg har intervjuat i, har eigne retningslinjer retta mot minoritetsspråklege foreldre. Dei ser likevel at det er eit viktig arbeid, og legg til rette for at samarbeidet skal fungere bra. Glaser viser til at kvardagssamtalen mellom partar med ulikt språk, tek meir tid enn for samtale mellom dei med likt språk (Glaser, 2013, s. 112). Funna mine viser også at informantane ser på tid som viktig i dette samarbeidet. Dei opplever at dei treng mykje tid for å oppnå tillit, tid dei ikkje alltid har til rådighet. På politisk nivå vert talet på tilsette, og pedagogtettheit diskutert. Glaser sin teori seier at barnehagen treng nok tilsette for å forvalte oppgåvene blant anna i møte med foreldra (Glaser, 2013, s. 112). Det er tydeleg at samarbeidet tek tid, men er det mogleg at det å endre rutinane i barnehagen kan vere løysinga for å betre kommunikasjonen med dei framandspråklege foreldra? Personalaet har mange oppgåver dei må utføre i løpet av ein dag, men kanskje kan oppgåvene verte utført på ei anna tid enn akkurat når det er dialog på gang i garderoba.

Enkelte dialogar må styrkjast med kommunikativ støtte for at partane skal oppnå forståing. Alle informantane nyttar støtte ved behov. Dei nyttar stort sett konkretar, bilete og kroppsspråk. Denne kommunikative støtta er eg kjend med, og er nok ikkje uvanleg.

Informant C la vekt på at leiinga har ansvaret dersom det oppstår situasjonar som ikkje er optimale i kommunikasjonen med framandspråklege foreldre. Dette samsvarar med teorien til Holm (2011) som tek for seg i Glaser (2013) at god støtte frå leiinga styrkar dette samarbeidet (Glaser, 2013, s. 108). Avdelingsleiar må med støtte frå leiinga ta ansvar for at personalet opptrer på ein respektfull måte. Eit respektfullt fokus er å heile tida vie like mykje merksemrd til alle, og å framstå som positiv og interessert i alle familiene i barnehagen.

Slik eg tolkar funna vert det i barnehagen til informant C jobbar mest med dette arbeidet. Dei har hatt temaet oppe på alle møter dei siste fire åra. Dei har også lagt til rette for at alle i personalgruppa er med på å utforme retningslinjene dei skal følgje. Dei tek tak i problemet dersom dei ser at minoritetsspråklege foreldre ikkje vert møtt på ein god måte. Også

informant A og B tek samarbeidet med foreldra på alvor. Informant A sa til dømes at dei tek tak i det foreldra ikkje er fornøgde med, og gjeld det kommunikasjon tek dei tak i det med ein gong.

Det er viktig at personalet alltid syner respekt, og gjer sitt beste i dialog med dei framandspråklege foreldra. Til tross for at ein far vart oppmoda av informant B til å lære seg norsk, viser funna mine at foreldra i stor grad vert tatt på alvor og møtt med respekt. Ein vekkjar for meg var då informant B fortalte om dialogen som gjaldt medisin. Eg fekk ei ekstra forståing for kor viktig det er at dialogen med framandspråklege vert rett forstått. I dialog med framandspråklege foreldre har eg ikkje tidlegare tenkt på at eg kan kome opp i denne type problemstilling.

Grunna eigne erfaringar var mi førforståing at personalet kan påverke kvarandre på ein negativ måte, i møte med minoritetsspråklege foreldre. Det er difor positivt at informant C ser personalet påverke kvarandre, men at «det kan gå begge vegar». Til tross for at personalet kan påverke kvarandre positivt, tenkjer eg likevel det er viktig at leiinga er tøff nok til å ta opp eventuelle problem med personalet. Slik kan leiinga leggje føring for det som barnehagelova krev av barnehagane, nemleg at dei samarbeider med heimen på ein måte som syner respekt for menneskeverdet (Barnehagelova, 2005, §1).

## Kjeldeliste

Barnehageloven (2005). Lov om barnehage (barnehageloven).

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64#KAPITTEL\\_1](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64#KAPITTEL_1)

Becher, A. A. (2006). *Flerstemmig mangfold: Samarbeid med minoritetsforeldre*. Bergen: Fagbokforlaget.

Befring, E. (2015). *Forskingsmetoder i utdanningsvitenskap*. Oslo: Cappelen Damm.

Bø, I. (2002). *Foreldre og fagfolk*. (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget

Dahl, Ø. (2013). *Møter mellom mennesker: Innføring i interkulturell kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving* (5. Utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.

Diskrimineringsloven (2005).

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/diskrimineringsloven-/id449184/>

Gitz-Johansen, T., Andersen, C. E., Engen, T. O., Kristoffersen, C. S., Skoug Obel, L., Sand, S., & Zachrisen, B. (2011). Den flerkulturelle barnehagen i rurale områder: Nasjonal surveyundersøkelse om minoritetsspråklige barn i barnehager utenfor de store byene. (Rapport 15-2011). Elverum: Høgskolen i Hedmark. Henta 10. desember 2017, fra [http://forskning.ruc.dk/site/files/35087619/Rapport\\_fra\\_Surveyunders\\_gelsen\\_rapp15\\_2011.pdf](http://forskning.ruc.dk/site/files/35087619/Rapport_fra_Surveyunders_gelsen_rapp15_2011.pdf)

Gjervan, M. (2006). *Temahefte om språklig og kulturelt mangfold*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.

Glaser, V. (2016). *Foreldresamarbeid: Barnehagen i et mangfoldig samfunn*. (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.

Grythe, J. & Midtsundstad J. H. (2002). *Foreldresamarbeid i barnehage: Muligheter og begrensninger – idealer og realiteter*. Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.

Høigård, A. (2013). *Barns språkutvikling: Muntlig og skriftlig*. (3. utg.). Oslo: Universitetsforlaget

Jensen, P. (2011). *Ansikt til ansikt: Kommunikasjons- og familieperspektivet i helse- og sosiarbeid*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

- A. Nyttar du/de hjelphemiddel, eventuelt kva og korleis? Kan du gi eksempel?
- B. Kva avgjer at du/de tek i bruk ekstra hjelphemiddel?
- C. Er det nedfelt i ein plan korleis dialogen skal gjennomførast?
- D. Kor lenge legg du/de til rette for ekstra innsats? Er det behovet til foreldra/barna, eller er det eit vist tidsperspektiv som vert nytta?
- E. Kva synest du er utfordrande i desse møta?
  - kvifor?
  - korleis handterer du desse utfordringane?

**10. Ser du forhold som gjer at dialogen med minoritetsspråklege foreldre nokon gongar kan vere enklare/gli lettare enn med norskspråklege foreldre?**

**11. Korleis er forståinga i resten av personalgruppa for arbeidet med dei minoritetsspråklege foreldra?**

## Tiltak

**12. Trur du personalet vert påverka av kvarandre i måten dei møter foreldra på?**

- I tilfelle ja, korleis?
- I tilfelle nei, kvifor ikkje?

**13. Er temaet foreldresamarbeid nokon gong oppe som tema i til dømes avdelingsmøte/personalmøte?**

- I tilfelle ja, gjeld det foreldresamarbeid generelt, eller vert samarbeidet med minoritetsspråklege teke opp som eige tema?

**14. Kva tenkjer du om dette tema?**

## Eventuelt

**15. Er det noko du vil legge til?**

## Vedlegg 1

### Førespurnad om deltaking i intervju i forbindelse med bacheloroppgåve

Gjennom barnehagelærar utdanninga ved Høgskulen i Volda har eg hatt ein del undervisning om foreldresamarbeid, og har fått stor interesse for dette arbeidet. Gjennom denne forskinga ynskjer eg å få auka min kunnskap rundt dette tema, med fokus på dei minoritetsspråklege foreldra, og dialogen vi har med dei i bringe- og hentesituasjonen.

I undersøkinga mi vil eg nytte meg av individuelle intervju med barnehagelærarar, og søker med dette etter barnehagelærarar som vil stille til intervju. Intervjuet vil verte tatt opp på lydopptak ved hjelp av mobil. Eg vil transkribere, og analysere intervjuet i etterkant. Intervjuet vil sjølvsagt verte anonymisert, og respondentane vil difor ikkje kunne gjenkjennast. Lydopptak og transkribering vil verte sletta straks etter at bachelor oppgåva har vorte godkjent. Innleveringsfrist er 18/12-2017.

Deltaking i intervjuet er frivillig, og dei som deltek kan når som helst trekke seg, utan grunngjeving. Både rettleiar og eg har teieplikt.

Ta gjerne kontakt med underteikna dersom du har spørsmål til oppgåva, eller intervjuet. Dersom du vil delta i intervjuet ber eg deg signere samtykkeerklæringa nederst på arket.

Mvh

Student:

Mobil:

#### Samtykkeerklæring

Eg har mottatt informasjon om bacheloroppgåva med temaet ***dialog med minoritetsspråklege foreldre i barnehagen***, og ynskjer å stille til intervju.

Dato .....

Signatur .....

Telefon .....

## Vedlegg 2

# Intervjuguide

### Generelt om informanten

**1. Kan du fortelje litt om deg sjølv og din bakgrunn?**

- Utdanning
- Erfaring
- Noverande stilling

### Minoritetar

**2. Kor mange minoritetsspråklege foreldre er det på di gruppe?**

**3. Er det mange land/språk som er representerte?**

**4. Har dei minoritetsspråklege foreldra vore lenge i landet?**

**5. Korleis opplever du samarbeidet med desse foreldra?**

### Samarbeid og kommunikasjon

**6. Kan du beskrive ein vanleg bringe-/hentesituasjon med minoritetsspråklege foreldre?**

**7. Kan du gi eksempel på ein situasjon der du har opplevd at du har hatt ein utfordrande dialog med minoritetsspråklege foreldre? Har du tenkt over kva som kjenneteikna den aktuelle situasjonen?**

**8. Kan du gi eksempel på ein situasjon der du har opplevd at du har hatt ein (spesielt) god dialog med minoritetsspråklege foreldre? Har du tenkt over kva som kjenneteikna den aktuelle situasjonen?**

**9. Korleis legg du til rette for ein god dialog i bringe- og hentesituasjonen?**

- A. Nyttar du/de hjelphemiddel, eventuelt kva og korleis? Kan du gi eksempel?
- B. Kva avgjer at du/de tek i bruk ekstra hjelphemiddel?
- C. Er det nedfelt i ein plan korleis dialogen skal gjennomførast?
- D. Kor lenge legg du/de til rette for ekstra innsats? Er det behovet til foreldra/barna, eller er det eit vist tidsperspektiv som vert nytta?
- E. Kva synest du er utfordrande i desse møta?
  - kvifor?
  - korleis handterer du desse utfordringane?

**10. Ser du forhold som gjer at dialogen med minoritetsspråklege foreldre nokon gongar kan vere enklare/gli lettare enn med norskspråklege foreldre?**

**11. Korleis er forståinga i resten av personalgruppa for arbeidet med dei minoritetsspråklege foreldra?**

## Tiltak

**12. Trur du personalet vert påverka av kvarandre i måten dei møter foreldra på?**

- I tilfelle ja, korleis?
- I tilfelle nei, kvifor ikkje?

**13. Er temaet foreldresamarbeid nokon gong oppe som tema i til dømes avdelingsmøte/personalmøte?**

- I tilfelle ja, gjeld det foreldresamarbeid generelt, eller vert samarbeidet med minoritetsspråklege teke opp som eige tema?

**14. Kva tenkjer du om dette tema?**

## Eventuelt

**15. Er det noko du vil legge til?**